

# - Eg melder ni stikki!

**DJUP KONSENTRASJON:** Thea fortel blindemann Emma kva kort ho skal leggja ut. Linn og Jenny følgjer nøye med.



**GULEN:** Etter ein lang skuledag er konsentrasjonen framleis på topp hjå bridge spelarane på SFO.

**RANDI BJØRLO**  
randi@nordhordland.no

- Det er overraskande at det går an å læra spela bridge så tidleg. Dei har tatt det imponerende bra, seier Magny Eggen Berg, leiar i Gulen og Masfjorden Bridgeklubb.

Ho er hanka inn som medhjelpar denne siste av seks kursdagar for 1.-4. klassingar på SFO ved Eivindvik skule. Instruktør er Svein Olaf Høyland, fem gonger Norgesmeister og ein gong Nordisk meister i bridge.

## Nyttige triks

16 håpufulle er fordelt rundt fire bord, og konsentrasjonen er på topp sjølv etter ein lang skuledag.

- Korleis har du tenkt å komma deg bort til Thea, spør Svein Olaf. Emma er blindemann og Thea spelteforar. Ho har meldt ni stikk, og er ivrig etter å dra sigreren i land. Mottspelarane deira er Jenny og Linn.

- Vi begynte med stokking og utdeling. No har vi lært å melde stikk og korleis vi skal leggja korta nær vi har tatt stikk. Og så har ta



**LURE:** Jørgen er ikkje heilt komfortabel med å spela med berre jenter. «Makker» er Sigrid, medan Anja og Jenny er mottspelarar.



**PREMIE:** Alle får diplom og ein kortstokk for vel gjennomført bridgekurs. Framme frå v: Sigrid, Thea, Linn, Dorthea, Linnea, Helen og Emma. I midten: Jenny, Jonas, Gnm, Even og Odin. Bak frå v: Svein Olaf, Georg, Anja, Jørgen, Iselin, Marthe Helen, Sølvi-Ann

vi lært at vi ikkje skal spela dei høgaste korta først, fortel jentene ivrig. Dei synest det var litt vanskeleg i starten, men ikkje no.

## Blindemann ute

Like lett er det ikkje å få lært vekk kunstene heime. Fleire av ungane fortel at foreldre og søsken er litt interessert, men dei orkar ikkje prøva få det til.

Mamma til Helen, Kristine Loutchan kjem for å henta dotra. - Eg synest det er kjekt at dei får læra å spela bridge. Om ikkje foreldra kan spela, er det ikkje sannsynleg at dei får læra det i det heile, seier ho.

Bra nabobordet kjem det mellom dei fire gutane som spelar med dei fire gutane som spelar der. Blindemannen kjem seg ikkje inn igjen i spilet.

Ved eit av dei andre borda lurar Jørgen og Sigrid seg til å prata i korta.

- Er det lov?

Jørgen ristar lurv på hovudet.

## Prøver ut prosjekt

Svein Olaf seier det er viktig å begynna tidleg om ein skal bli ein god bridge spelar. Sjølv har han fått opplæring både frå foreldre og besteforeldre.

- Desse elevene er uvannleg tidleg ute, men så er det òg så «forsøkskaninar». Norsk Bridgeforbund har eit prosjekt til høsten, og nokon måtte prøva det ut.

## Motvekt til dataen

Parallelt med kurset på SFO, har han og hatt eit kurs på kveldstid. Der har SFO-leiar Sølvi-Ann Midtun vore «elev».

- Vi spelar veldig mykje på SFO, så det var supert å bli spurt om å vera med på dette prosjektet, seier ho.

- Bridge er ei fin motvekt til dataen. Og eg håpar vi får til å fortsetja å spela når kurset er over, seier ho og fortel at det var populært at også 3. og 4. klassingane vart inviterte til å delta.

## Motivera fleire

Målet for begge desse aktivitetane i Gulen, er å få fleire til å fatta interesse for å spela bridge.

- Vi vil prøva få til spelkveidar i bygdene er der vi har kursdeltakarar i tillegg til dei faste klubb- og bridge spelarar. Sjølv har han god erfaring med å spela bridge.

- Og kan henda greier vi mott- vera nokre av ungdommane som har vore med på kurskveldane til å reisa på forbundet sin sommarferie i Fredrikstad, seier Svein Olaf Høyland.

